

AS Historisk Forlag  
Bjørnstadveien 57  
3340 RØYKEN

Side: 1  
Totalt antall sider: 1

Kontakt:  
Linda Anette Sund  
Tlf: +47 23 00 25 10  
Fax: +47 23 00 25 11  
linda.anette.sund@nbse.no

Bergens Tidende  
Seksjon: Del 2  
Dato/nr: 17.09.2001  
Redaktør: Einar Hålien  
Telefon: 55 21 45 00  
Kilde type: Avis I - hovedaviser  
Utgiversted: Bergen  
Fylke: Hordaland  
Frekvens: 7 uke  
Oppslag: 91 050  
Lesere: 252 000  
Artikkelareal: 168 cm<sup>2</sup>  
Side: 31



## – Ingen sjølvkritikk frå NS

VIDAR YSTAD

vidarystad@bt.no  
Oslo

Historieprofessor Odd-Bjørn Fure ved Universitetet i Bergen er begeistra etter å ha lese boka til nazisten Finn Thrana.

– Boka er ein fin dokumentasjon av Nasjonal Samling sine haldningar. Her er ingen sjølvinnssikt i forhold til at NS, med ein prosent av røystene bak seg, meinte å være det statsberande partiet. Jødeutryddingane er det inga verkeleg drøfting av, og det er ingen sjølvkritikk av partiet si haldning til arrestasjonen og deporteringa av jødane. Boka opnar for innsyn i korleis partiet og partileiinga tenkte og handlet. Difor er det alldelers horribelt at historieprofessor Hans Fredrik Dahl har kunne marknadsføre og presentere boka som ei «skjønnsom avveining av krigssituasjonens mange sider», seier Fure.

For drygt ei veke sidan avslørte Bergens Tidende at Dahl saman med venen Tom Brauner Jensen, hadde kjøpt det gamle nazistforlaget Historisk Forlag, som gir ut boka til Thrana. Begge hevdet at det var tilfeldig at den kom ut på forlaget. Men Dahl opplyste til BT etter avsloringane at han skulle selje seg ut av forlaget.

Overfor Bergens Tidende avsverga dei to sidan einkvar link til nazistorganisasjonen Stiftelsen Norsk Okkupasjonshistorie, som tidlegare atte forlaget. Sidan har Bergens Tidende avslørt at Jensen sit som nestleiar i styret i stiftinga og at Thrana også sit i styret. Jensen har vore styremedlem sidan 1995. Det inneber at han også har vore involvert i utgjevinga av nazistavisas «Folk og Land».

Historieprofessor Odd-Bjørn Fure vurderer Thrana si bok som

ein solid dokumentasjon på at dei gamle nazistane ikkje har endret oppfatning og heller ikkje er viljuge til å ta inn over seg meir enn 55 års etterfylgjande historie og kunnskapsformidling. Fure peikar samstundes på at Thrana framhevar at dei gamle nazistane fekk ei hard behandling i rettsoppgjøret etter krigen.

– Likevel konstaterer Thrana at mange vart raskt innlemma i det norske samfunnet. Det gjeld også Thrana sjølv, som etter soning av landssvikdommen vart sekretær for Riksskatstyret.

Dette seier mykje om kvalitetar i det norske samfunnet. Då var det verre med barn av NS-folk. Mange av dei vart mobbet kraftig og fekk kanskje ein hardare lagnad enn far eller mor, legg Fure til.

17  
TC

